

Noggramt om norsk namneskatt

Den nye utgåva av Norsk personnamleksikon er eit imponerande fagleg arbeid og ei gullgruve for dei namneinteresserte. Men er ikkje utvalet av namn litt for norsk?

SAKPROSA

KRISTOFFER KRUKEN
OG OLA STEMSHAUG.

Norsk personnamleksikon

DET NORSKE SAMLAGET 2013

Norsk personnamleksikon har vore eit fagleg solid oppslagsverk for lek og lærd sidan det først kom ut i 1982. Den gongen var Kristoffer Kruken og Ola Stemschaug dei viktigaste bidragsytarane til verket. Kruken stod for den sterkt utvida andeutgåva frå 1995, og han er ansvarleg for den enda mykje større tredieutgåva som vart utgitt no i sommar. Boka dekkjer berre førenamn, ikkje etternamn.

Leksikonet inneheld no om lag 10.000 norske førenamn. Tilfanget er nesten dobbelt så stort som i andeutgåva, og mange av artiklane er utvida med informasjon som er oppdatert for dei siste tiåra, eller med ny kunnskap om eldre forhold. Namnestatistikk og litteraturliste er oppdaterte, og den nye namnelova frå 2002 er teken med og kommentert. Ei baklengssortert namneliste frå 1995-utgåva er teken ut. I 1982-utgåva var det ein del oversynsartiklar som m.a. framstilte den historiske utviklinga i førenamnsbruken. Dei forsvann i 1995 og har ikkje komme inn att. Det er trist, for vitskaplege oversyn over norsk namnebruk er mangelfulle.

EI NAMNELISTE

Leksikonet er dermed i all hovudsak ei alfabetisk liste over førenamn, med opplysningar om kor namnet kjem frå, kva det betyr, kor lenge det har vore i bruk i Noreg, og den seinare utbreiinga i tid og rom. Det vert òg opplyst om namnedagar og kjende personar som har bore namna. Viktige namneledd, som *Vig-* og *-hild*, har sine egne oppslag.

For å vise korleis Kruken har oppdatert einstildoppslag, tek eg utgangspunkt i to ikkje-tilfeldige valde namn. Om namnet mitt, *Torodd*, opplyste 1995-utgåva at det førekom på Austlandet i seinmellomalderen; no er perioden i staden omtalt som 1300- og 1400-talet, og det er lettare å forstå for folk flest. Namnet gjeldt ut av bruk, men kom inn att på 1800-talet, og no er den eldste sikre førekomsten ikkje lenger 1890, men 1880. *Torodd* er lite nytta, og den nye utgåva legg til at det er svært sjeldan brukt etter 1980. Ei av tippoldemødrene mine bar namnet *Trome*. I 1995-utgåva stod det at opphavet var uklart. Men no vert det sagt at det er ein variant av gammaldansk *Þrugginn* og svarar til norsk *Torgunn*. I 1995 var kjernområdet for *Trome* sagt å vere Flora i Sogn og Fjordane, mens det no er endra til Førde og Naustdal. Slike små og store rettingar, presiseringar og utfyllingar har Kruken gjort for svært mange av namna. Det ligg eit imponerande arbeid bak

dette, både i omfang og presisjon.

AVGRENSINGA

Som nemnt har det komme med mange fleire namn i den siste utgåva. Til dømes er det 47 oppslagsnamn på *Me-*, og 14 av oppslaga er nye. Mange av dei er variantar av namn som var med frå før, t.d. *Mekahine*, som er ein variant av *Mikahine*, og *Mekhilde*, som er ein eldre variant av *Mattilde*. Andre er sjeldnare namn som no har fått plass, til dømes kvinnenamnet *Menga*, eit retoromansk namn som kom til Noreg ved innflytting frå Sveits og vart brukt i dåp nokre gonger på Austlandet på 1800-talet. *Melandron* er eit opphavleg etternamn som har vore brukt som førenamn. At sjeldne namn har fått større rom, er positivt. For som Kruken seier i forklaringane framme i boka, er det gjerne det sjeldne som folk fattar interesse for.

I forklaringane gjer Kruken greie for kva prinsipp han har brukt for å avgjere om eit namn skal få vere med eller ikkje. Eit avgrensande prinsipp har vore at namn som berre har komme til landet med innvandrarar, ikkje er med. Ei eller anna avgrensing overfor utanlandske namn er ein nøydd til å ha i eit norsk førenamnsleksikon. Men Kruken har praktisert utvalet strengare enn han gir inntrykk av. Dessutan kunne innvandranamn med fleire hundre berarar etter mitt



syn godt ha fått vere med utvalgt av fødestaden til berarane.

Eg synest nok at utvalet av namn frå samtida har vorte for norsk. Reint underleg er det at *Mohammad* ikkje er med. Slår ein saman ulike stavevariantar, var det over 12.000 gutar og menn busette i Noreg ved inngangen til 2013 som hadde det som første namn. Fleirtalet er nok innvandrate, men hundrevis er fødte her i landet. Namnet har faktisk lege på topp som namn gitt til gutar i Oslo i fleire årgangar. Heller ikkje engelskspråklege nykomlingar som *Samant(h)a* (med over 240 berarar) har sloppe igjenom. Slett ikkje alle som heiter det, er innvandrate. Eg veit ikkje om alle dei nesten 400 med disjupelnamnet *Tadeusz* er innvandrate frå Polen, eller om nokre har fått namnet her i landet. Men eit såpass vanleg namn (som òg var brukt på nokre nordmenn på 1800-talet i former som *Taddæus*) hadde det vore fint å få forklart.

Leksikonet ber altså noko preg av å vere eit historisk oppslagsverk. Og til den bruken er det framifrå, til dømes for dei som er interesserte i slektshistorie, og dei som er ute etter å finne tradisjonsnamn å gi til barna sine. For dei som interesserer seg særskilt for namn, vil det vere eit mykje brukt verk i lang tid framover.

Som Kruken seier i forklaringane framme i boka, er det gjerne det sjeldne som folk fattar interesse for.

TORODD KINN

Torodd Kinn er professor i nordisk språkvitenskap ved Universitetet i Bergen.